



Birthe Ramse

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/4009 - 19/21570

Saksbehandlar:

Camilla Smith-Strøm

camilla.smith-strom@meland.kommune.no

18.10.2019

## Referat frå møte i samarbeidsutvalet, 14.10.2019

Vær merksom på at dato på innkallinga er 8.10.19. Møtet vart flytta til 14.10.19.

**Til stades:** Marthe Marøy, Ingvild Lindborg, Birthe Ramse, Nina B. Solberg, Mariell Sagstad Hellestvedt og Camilla Smith-strøm.

**Fråfall:** Karin I. Mongstad og Thomas Wallem

### Sak 1. Rolle- og oppgaveavklaring i Samarbeidsutvalet.

Konstituering av nytt samarbeidsutval 2019/2020.

#### Årets samarbeidsutval er sett saman av:

Camilla Smith-Strøm (Styrar)

Thomas Wallem (Eiers representant- Meland kommune)

Mariell Sagstad (Representant frå barnehagen)

Nina B. Solheim (Representat frå barnehagen)

Marthe Marøy (Representant frå Gul avdeling)

Ingvild Lindborg (Vara frå Gul avdeling)

Birte Ramse (Representant frå Rød avdeling)

Karin Irene Mongstad (Vara frå Rød avdeling)

Alle representantar, både hovudrepresentant og vara vil verte kalla inn til alle møte.

### Sak 2. Barnehageåret 2019/2020

Vi er nå 38 barn i Marihøna barnehage. 3 nye småbarn (ettåringer) startar ved Gul avdeling, i løpet av desember. Vi vil da vere full gruppe, med 41 barn.

Vi er godt bemanna, sett i forhold til ny bemanningsnorm. Ny pedagog, Cecilie Hopland, vil vera på plass 1.11.2019, altså i god tid før «desemberbarna» kjem.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Vi er studentbarnehage og vi har relativt mange studentar dette barnehageåret. Dette er eit gode for barnehagen, spesielt i forhold til å få eksterne blikk på eiga praksis og fagleg oppdatering. Nye Alver kommune har blitt ein del av Utdanningsdirektoratet sin satsing på «*Inkluderande barnehage- og skulemiljø*». Denne satsinga er allereie i gong i Marihøna barnehage, men det offisielle startskotet for satsinga vil bli på nyåret i 2020.

Ein ny paragraf til Barnehageloven er no ute på høyring. Dette er ein paragraf, som vil tilsvare § 9 a i Grunnskulelova, den såkalla «mobbeparagrafen».

*«Regjeringen vil gi barnehagene tydeligere og strengere regler for hva de skal gjøre for å sikre barnehagebarn et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø. — Vårt mål er at det nye regelverket skal bidra til å skape gode og trygge hverdager for barna i barnehagene. Nå vil vi lovfeste at barnehagene skal ha nulltoleranse mot mobbing som for eksempel erting, plaging eller gjentatt utestengelse fra lek»* Les gjerne meire om dette på regjeringen.no.

<https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/innforer-mobbelov-i-barnehagen/id2664023/>

Vi er førebudde på at denne lova kjem og er allereie i gong med klargjering og refleksjonsarbeid kring dette.

Våre hovudsatsningsområdar er i 2019/2020: *Natur, miljø og teknologi, Kropp, rørsle, mat og helse og Kommunikasjon, språk og tekst*. Som vanleg har vi også spesielt fokus på barnas sosiale utvikling.

### **Sak 3. Oppgradering av leikeplass**

Nye leikeapparat er bestilt og vi håpar at dei vert monterte no i vinter, før tela kjem i jorda. Dette blir ei relativt begrensa betring av leikeområdet, men vi håpar på meir til neste år.

### **Sak 4. Nye vedtekter for Alver kommune og ferieavvikling i Marihøna barnehage**

Nye vedtekter for Alver kommune kjem snart til høyring, frå det nye kommunestyret. Dei medfører nokre små endringar for barnehagen vår. Mellom anna vil barnehageåret nå starte 15. august. Dette medfører at førskulebarna våre har barnehagetilbud til denne dato. Foreldre vil då kunne velje om barna skal gå i SFO eller barnehage i perioda 1.-15. august.

Slik det ser ut, vil Marihøna fortsetje praksis med to veker feriestengt barnehage. Styrar vurederar no, kva veker vi skal stenge. Alternativa er veke 28 og 29 eller veke 29 og 30. Dersom de har innspel på dette, er det fint om de tar kontakt med styrar, så snart som muleg. Nærare info kjem snart i Vigilo.

### **Sak 5. Arve- og bytedag i barnehagen**

Det blir arrangert Arve- og bytedag i barnehagen, laurdag 2.11.19, kl. 11.00-13.00. Dette er eit tiltak for sosial utjamning, samt eit ønskje om å arbeide mot eit samfunn der «kjøp og kastmentaliteten» er dominerande. Sett i eit miljøperspektiv er dette eit viktig tiltak, som me håpar at de alle vil støtte opp om- og delta ved. Nærare informasjon kjem snart. Det er barnehagen sitt samarbeidsutval som har hovudansvaret for dette arrangementet.

Med helsing

Camilla Smith-Strøm  
leiar Marihøna barnehage

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Mette Marei Træland

**Mottakere:**

Birthe Ramse  
Camilla Smith-Strøm  
Ingvild Lindborg  
Karin Mongstad  
Mariell  
nina1968  
Thomas Wallem  
Wilhelm Olai

